

Til føresette/sponsorar

Skulen vår skal gjennomføre aksjonen **FORUT Skoleløpet** ____dag den ____/____.

Kva er FORUT Skoleløpet?

Skuleløpet er ein aksjon der elevane lærer om globale tema som FN's berekraftsmål, barnerettar og utviklingssamarbeid. I år handlar det om korleis arbeid og inntekt hos foreldra er viktig for tryggleiken og framtida til barna.

Etter undervisninga gjennomfører elevane eit løp der dei samlar inn pengar til FORUT sitt arbeid for å gjere verda tryggare for barn – Mellom anna får fleire mødrer på Sri Lanka støtte og opplæring til å starte eiga verksemd. Det gir viktige inntekter til familien. Elevane får både lære og vere aktive for at barn i andre land skal få det betre.

Korleis gjennomfører vi?

Vi har laga ei løype elevane kan gjennomføre i sitt eige tempo i løpet av _____ minutt. I forkant skaffar elevane seg sponsorar som gir ein valfri sum per runde eller eit fast beløp.

Vi legg vekt på felles innsats og felles resultat. Eit lite beløp per sponsor på elevane sitt sponsorkort vil føre til eit godt samla bidrag frå skulen. Sponsorkortet er ein del av elevheftet.

Hjelp eleven med å følgje opp slik at sponsorane betaler inn avtalt beløp innan fristen ____dag den ____/____.

Innbetaling

SPLEIS leverer elektronisk betalingsløyising til FORUT Skoleløpet. Slik gir du ditt bidrag:

1. Gå inn på www.spleis.no/ (skulen sitt tildelte spleisnummer).
2. Fyll inn beløpet frå eleven sitt sponsorkort. Betal med Vipps eller kort.
3. Når betalinga er gjennomført, får du ein stadfesting på e-post.

Alle kan sjå kor mykje skulen har samla inn og følgje utviklinga på denne sida.

Tusen takk for at du støttar skulen sitt engasjement for å kjempe mot fattigdom og urettferd.

Venleg helsing

*FORUT er ein norsk bistandsorganisasjon som gjer verda tryggare for barn. Dei innsamla midla frå Skoleløpet går til barn og unge i FORUT sine prosjektland i Asia og Afrika. FORUT arbeider med barn sine rettar, likestilling, psykisk helse og rus som utviklingshinder. FORUT er medlem av Innsamlingskontrollen. Les meir på **forut.no**.*

